

## **Høyringsuttale frå Vågå Senterparti angående ny skule-og tilbodsstruktur for vidaregåande opplæring i Innlandet.**

Vågå Sp er sterkt imot å leggje ned studiestadar i Nord-Gudbrandsdalen. Vi vil behalde både Lom og Otta som studiestad. Det er studiestadar som er svært viktige for Vågå. Vi vil heller at fylkeskommunen skal styrke studietilboda i Nord-Gudbrandsdalen, ved å til dømes flytte anleggsgag til Lom og styrke vaksenopplæringa på Otta.

Dersom ein ser på søkjartala i Vågå for dei sju siste åra, så har 74% av alle elevar frå Vågå, som har studiespesialisering som fyrsteval, søkt seg til Lom. I Lom fullfører/består heile 97% av elevane vidaregåande opplæring. Korleis er det i det heile tatt mogleg å vurdere legge ned ei avdeling som leverer så bra?

Statistikk viser at å bestå vidaregåande opplæring er den viktigaste faktoren for å ikkje havne utanfor i arbeidslivet. Utenforskap er ein stor trussel mot velferdsstaten vår. Vi må derfor behalde det opplæringstilbodet vi allereie har og gje ungdommen vår dei beste moglegheitene til å meistre livet.

Prognosene for folketalet i Vågå, Lom og Skjåk fram til 2038 syner ein oppgang på pluss to elevar på avgangskullet vgs, medan for Sel er det dessverre minus 50%. Region må derfor stå samla og samarbeide slik at vi kan bevare og styrke det opplæringstilbudet vi har.

Vi vil ikkje at ungdom frå Nord-Gudbrandsdalen skal bli tvinga på hybel i ein alder av 15-16år. Ei heller bli tvinga til å kjøre buss kanskje 4-5timar kvar dag. Da fryktar vi at færre fullfører vidaregåande opplæring. Vi kan ikkje sjå at dette er forsvarleg politikk.

Vågå Sp vil uansett at forslaget om ny skulestruktur i Innlandet skal sendast attende til fylkeskommunen sin administrasjon fordi vi meiner at den saksutredninga som er gjort er for dårleg til at det kan fattast eit vedtak. Det manglar utredning og tallfesting av samfunnøkonomiske konsekvensar, konsekvensar for den enkelte elev med familie og for lokalsamfunna som blir råka av nedlegging av skuletilbodet.

Vågå Senterparti